

Luster kommune
6868 Gaupne

POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 Oslo

BESØKSADRESSE:
Lilleakerveien 6
0283 Oslo

-- TLF:
24 06 70 00

-- FAX:
24 06 70 01

-- INTERNETT:
www.statkraft.no

E-POST:
post@statkraft.com

-- ORG.NR.: NO-987 059 729

DYKKAR REF./DATO:

VÅR REF.:

STAD/DATO:

Gaupne, 07.10.2011

VEDR VESTSIDEELVANE OG VIGDØLA KRAFTVERK

Viser til saksframlegget knytta til kommunen si handsaming av vår søknad om overføring av Vestsideelvane, heving av Tunsbergdalsdammen og bygging av Vigdøla kraftverk. Me ønskjer å peike på enkelte moment som kanskje ikkje i tilstrekkeleg grad har kome godt nok fram og som me meiner er viktige for saki:

- Statkraft har gjennom heile prosessen hatt ein konstruktiv og positiv dialog med Luster kommune, også når det gjeld ein eventuell utbyggingsavtale. At det er sakleg usemje om innhaldet i og omfanget av ein slik avtale endrar ikkje dette faktum.
- Dei to prosjekta det er søkt konsesjon for vil gje stor lokal verdiskaping og betydelege inntekter til fallrettseigarar langs sideelvane og Jostedøla. Dette har ikkje kome klårt og tydeleg nok fram, men det tale om summar på tilsaman mange titals millionar kroner.
- Verdien av lokale leveransar av varer og tenester til anleggsdrifta er etter vårt syn undervurdert. Under utbygginga av Eiriksdal kraftverk (i Høyanger) til dømes, så hadde Statkraft ein tidleg dialog med kommunen og lokale leverandørar, slik at mest mogeleg av leveransane til anlegget kunne hentast lokalt, noko som synte seg svært vellukka.
- Dersom det ikkje blir ei utbygging slik Statkraft har søkt om, så vil kanskje ei utbygging av småkraft bli aktuell. Ei slik utbygging vil gje langt mindre energiproduksjon, mindre inntekter til Luster kommune, og kanskje like store eller større naturinngrep.
- Inntekter frå konsesjonskrafta vil frå desse prosjekta tilfalle Sogn og Fj fylkeskommune og vil dermed ha ein positiv verdi for heile fylket, også for Luster kommune.
- Prosjekta vil gjere sitt til at Noreg kan oppnå målsetjinga om 13,2 TWh rein fornybar energi innan 2020, og gjennom det bidra i det globale arbeidet mot klimaendringar.
- Me legg til grunn at kommunen er kjende med framlegget i statsbudsjettet om ein auke på makstaket for grunnlaget for utrekning av eigeidomsatt.
- Det må òg nemnast at ei utbygging vil auke anleggsporføljen til Statkraft, og at ein på den måten òg vil styrke eit allereie godt grunnlag for Statkraft si verksemd i Luster.

Med venleg helsing
Anders Korvald
Prosjektleder